



VOSS KOMMUNE

PLAN FOR OVERGANG OG SAMARBEID MELLOM BARNEHAGE OG SKULE I VOSS KOMMUNE



Vedtatt i utval for levekår 4.2.2014 sak 8/14. Planen gjeld frå 1.1.2014.

FRÅ BARNEHAGE TIL SKULE



MÅL FOR ARBEIDET

- Barnet skal oppleve ein trygg og god skulestart, inkludert ein god start i skulefritidsordninga.
- Sikra best mogleg meistring for kvart barn gjennom progresjon og kontinuitet frå barnehage til skule.



INFORMASJON

- Tilsette skal overføra informasjon til beste for barnet, i samspel med, og etter løyve frå foreldra.
- Foreldre/føresette skal få god informasjon om plan for overgang barnehage - skule i frå barnehagen.



MØTEPLASSAR

- Foreldremøte i barnehagen med fokus på overgang barnehage – skule
- Foreldremøte i skulen med fokus på oppstart og informasjon om SFO
- Besøksdagar i skulen
- Pedagogisk leiar og lærar på første trinn skal ha årlege felles samlingar for å utvikla heilskap og samanheng.
- Hospitering mellom barnehage og skule skal vurderast kvart år.

PLAN FOR OVERGANG OG SAMARBEID MELLOM BARNEHAGE OG SKULE I VOSS KOMMUNE

Tid	Kva	Ansvarleg
Aug	Barnehagar melder til kvar einskild skule om barn som skal byrja på den aktuell skule. Slik at skulen får greia på kva barnehage dei skal ha eit samarbeid med. Barnehagen i samråd med foreldre melder til skulen om barn som har særlege behov med tanke på ressursar kommande skule år.	Styrrar i barnehagen har ansvar for å melda om barn som skal byrja på den aktuelle skule.
Sep	Foreldremøte i barnehage for dei som har barn som skal byrja på skulen. Barnehagen presenterer plan for overgang og samarbeid mellom barnehage og skule i Voss kommune.	Styrrar
Okt	Eit felles leiarmøtemøte mellom barnehage og skule med tema overgang barnehage – skule. Utveksling av planar og erfaringar.	Stab oppvekst
Nov	Innskriving.	Stab oppvekst, sender ut brev Lysing i Hordaland Foreldre
Des	Møte mellom skule, SFO og barnehage for å samarbeida om barn som har spesielle behov. PPT kan delta	Styrrar
Mars	Foreldremøte med nye foreldre om skulen og SFO. Skulen sender ut skriftelig påmelding til leksehjelp Påmelding til SFO og leksehjelp, elektronisk påmelding.	Rektor i samarbeid med SFO - leiar Kopi til barnehagane Rektor Påmeldingsfrist 1.april Foreldre
Mars/april	Foreldresamtale i barnehagen med fokus på overgang barnehage skule.	Styrrar/ ped. leiar
Mai	Overføringsmøte i barnehagen med kontaktlærer på 1. årssteg og SFO – leiar. Besøksdagar på skulen og SFO. Foreldre/føresette føl barna. Siste veka i mai.	Rektor Rektor i samsvar med avtale gjort i okt
Juni	Kurs for kontaktlærer på 1. trinn og ped. leiar som skal jobba med dei eldste barna i barnehagen.	Stab oppvekst Rektor og styrrar får invitasjon

Planen tek for seg eit minimum av kva forpliktande samarbeid som skal føregå mellom barnehage og skule. Det vi seie at omfanget og opplegget kan variera noko mellom ulike barnehagar og skular.

KOMMENTARAR TIL RETNINGSLINER FOR OVERGANG OG SAMARBEID MELLOM BARNEHAGE OG SKULE

Kunnskapsoverføring mellom barnehage og skule.

For å få til ein god overgang og samanheng mellom barnehage og skule er det viktig at barnehagar og skular har god kunnskap om kvarandre. I høve innhald, arbeidsmåtar, rammeplan, årsplan og læreplanverket med t.d. fokus på språk og matematikk.

Innhaldet i ”besøksdagar”

Innhaldet i ”besøksdagar” kan variera noko frå skule til skule, i høve (omfang og) innhald. Innhald i ”besøksdagar” kan vera omvisning på skulen, vera saman med 1. årssteg, ute eller inne, og få treffe fadder. Barna får helsa på dei vaksne i skulen og i SFO. Med ”besøksdagar” meiner vi at dette er primært barnet sitt møte med skulen.

Føresette føl sitt barna til aktuell skule på besøksdagar. Barnehagane står elles fritt til å besøkja skular utanom fastsett opplegg.

Vedlegg:

- 1) Adresseliste private barnehagar
- 2) Adresselista skular og barnehagar